

Handlingsdel til Klimaplan for Vest-Telemark 2025

Vest-Telemark - ein region med berekraftig framtid

Kommunane kan sjølv prioritere tiltak i handlingsdelen ut frå kapasitet og økonomi. Klimaforum fylgjer også opp gjennomføring av tiltak i fellesskap for å nå måla i planen. Klimaforum arbeider for kunnskapsutveksling og kompetanseheving i kommunane innan dei sju tema i planen.

Mandatet til klimaforum er å prioritere, initiere og gjennomføre/koordinere tiltak i handlingsdelen.



Tiltak	Gjennomføring 2026/2027	Ansvarlege
Sikre ei berekraftig og klimavenleg arealforvaltning i planarbeid.	Alle kommunane skal ta i bruk arealrekneskap for Telemark i areal- og samfunnsplanlegging. Organisere ein fagdag om arealforvaltning på tvers av kommunane.	Kommunane
Tiltak for å auke kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i regionen er naudsynt for å sikre god arealforvaltning.	Kommunane bør fylgje opp det nasjonale kartleggingsprosjektet til Miljødirektoratet – Naturtypekartlegging (NiN-kartlegging) og bør melde inn minst 1 område for naturtypekartlegging kvart år. Miljødirektoratet prioriterer og utfører kartlegginga. Vurdere kommunedelplan for naturmangfald. Vurdere å søke Natursats midlar.	Kommunane
Ta vare på viktig natur og økosystemtenester (våtmark, myr, kantvegetasjon, skog) som kan avgrense effektane av klimaendringane i arealplanlegginga.	Seta mål for å sikre viktig natur og økosystemtenester i kvar kommune i tråd med nye statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar for kommunal og regional planlegging.	Kommunane
Tilpasse kantslått etter biologisk mangfald og framande artar på kommunale og fylkeskommunale vegar.	Dialog og samarbeide med statsforvaltaren om kunnskapsheving knytt til rett slått på ulike stader. Sende førespurnad til vegmynde om utsetting av kantslått på aktuelle område og be om punktslått på framandarter tidlegare i sesongen.	Kommunane saman med vegmynde
Gjennomføre tiltak for å redusere og avgrense spreinga av framande artar oppført på den nasjonale framandartslista.	Det bør setjast ut konteinar eller likande for handtering av hageavfall med framande artar på renovasjonsstasjonane. Ved drift og vedlikehald av kommunale vegar og eigedom må det gjerast tiltak for å avgrense spreiging av framande artar.	Kommunane og renovasjonsselskapa



Tiltak	Gjennomføring 2026/2027	Ansvarlege
Fylgje opp det fleirårige tverrkommunale prosjektet « <i>God agronomi i det grøne skiftet</i> » med aktuelle tema som klimavenleg fôring og beitebruk, ny teknologi, klimavenlege og betre agronomiske driftsformer.	Informasjon og samarbeid om god agronomi, jordarbeiding, betre drenering, grøf팅, avgrensing jordpakking, klimavenleg fôr, gjødslingsteknologi, presisjonslandbruk og biogassproduksjon.	Vest-Telemarkrådet i samarbeid med landbruksforvaltinga i Vest-Telemarkkommunane
Vurdere behov for beitebruksplan i kommunane	Vurdere å lage eller revidere beitebruksplan eller anna plan som tek for seg landbruk og beitebruk i kommunen.	Kommunane
Stimulere og informere om dyrking av frukt og grønt, fokus på auka sjølvforsyning i landbruket og for innbyggjarane.	Arrangere ein serie med fagkveldar i kommunane.	Kommunane og organisasjonar i landbruket, høgskole og andre interesse-organisasjonar
Stimulere til auka produksjon og sal av lokalmat i Vest-Telemark.	Vurdere bruk av lokalproduserte matvarer på kommunale einingar gjennom kommunale innkjøpsstrategiar. Ved ny kontraktsinngåing bør det vurderast å velje lokalproduserte produsentar så langt det er mogleg.	Kommunane og organisasjonar i landbruket
Vurdere kommunale tilskot til nydyrking og dyrking av område som ligg brakk. Fokus på å ta i bruk landbruksareal ute av drift.	Må vurderast i økonomibudsjett i kvar kommune.	Kommunane
Unngå utbygging på dyrka mark og utmarksbeite i tråd med jordvernstrategien.	I område med dyrka mark og utmarksbeite skal ein ved rullering av planar vurdere å tilbakeføre urealiserte utbyggingsområde til LNFR/landbruksføremål.	Kommunane



Tiltak	Gjennomføring 2026/2027	Ansvarlege
Ta initiativ til informasjonsmøte til skogbrukarane i høve berekraftig skogbruk (skogskjøtsel og ungsogpleie).	Gjennomføre minst 2 møte/kurs i året i kvar kommune.	Kommunane og skogeigarlaga og interesseorganisasjonar
Avgrense utbygging på skogareal med høg bonitet (viktig område for karbonlagring).	Ved rullering av planar skal ein vurdere å tilbakeføre skogområde med høg bonitet til LNFR/skogføremål.	Kommunane



Tiltak	Gjennomføring 2026/2027	Ansvarlege
Leggje til rette for god ladeinfrastruktur og fyllestasjon for fossilfritt drivstoff til personbilar og tungtransport, og sette av naudsynt areal.	Ved rullering av sentrumsplanar eller andre relevante planar må det vurderast å settast av areal for fossilfrie fyllestasjonar.	Kommunane og næringslivet.
Fase ut fossile køyretøy i kommunal verksemd, med unntak av køyretøy i beredskap (brann og redning) og der det ikkje finns eit fullgodt alternativ.	Ved inngåing av nye anbudskontraktar eller innkjøp av tenestebilar skal det vurderast fossilfrie alternativ. Må vurderast i høve beredskap innanfor aktuelle tenestekområde (t.d. helse og omsorg).	Kommunane
Fokus på samkøyring og digitale møte.	Etablere ein rutine for å kontakte tilsette i eigen organisasjon og mellom kommunar for å avtale samkøyring til relevante møte og samlingar. Lage ein felles møtekalender eller liknande mellom kommunane.	Kommunane, næringslivet
Redusere bilbruk og styrke lokal mobilitet gjennom deling av privat transport.	Undersøkje moglegheiter for å ta i bruk samkøyringsapp i Vest-Telemark.	Kommunane og Vest-Telemarkrådet
Styrke og synleggjere eksisterande kollektivtransporttilbod i Vest-Telemark.	Samarbeide med Fylkeskommunen om ein kampanje for å betre kollektivtilbodet i distrikta.	Kommunane og Fylkeskommunen



Tiltak	Gjennomføring 2026/2027	Ansvarlege
Leggje opp til sirkulær bruk av ressursar innanfor alle teneste- og driftsområde for å unngå å skape avfall og for å auke ombruk.	Etablere rutine for ombruk i eigen organisasjon.	Kommunane, næringslivet
Informasjonsmøte på sirkulærøkonomi, fokus på kjeldesorteringsgrad, kompostering og å redusere mengde matsvinn i kommunane.	Arrangere ein serie med fagkveldar i kommunane. Kan kombinerast med tema som kompostering og eigenberedskap (sjølvberging).	Renovasjons-selskapa, kommunane, Vest-Telemarkrådet, ungdomsråd, næringslivet, frivillige lag og organisasjonar
Oppmode til byttedagar/bruktdagar/reparasjonsdagar som blir arrangert av ulike aktørar.	Kvar kommune må arrangere ein ombruksdag i året.	Kommunane, ungdomsråd, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar
Ta initiativ til innsamlings- og ryddeaksjonar.	Gjennomføre minst ei ryddeordning i kvar kommune.	Kommunane, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar
Opprette ombruksordning på renovasjonsstasjonane i kommunane.	Det skal vera minst ein ombruksstasjon tilgjengeleg på renovasjonsstasjonen for kvar kommune. Byggjemateriale av god kvalitet inkluderast i ordninga.	Kommunane og renovasjonsselskapa
Etablere ein retur- og ombruksordning for brukte skule- og kontormøblar i og mellom kommunar.	Forprosjekt - Undersøke moglegheit for å organisere ei fellesløyving for å dele i og mellom kommunane.	Kommunane
Fylgje opp «Merket for berekraftig reisemål».	Resertifisering av «Merket for berekraftig reisemål» kvart 3. år i kommunane.	Kommunane, Vest-Telemarkrådet, og næringslivet.
Fylgje opp miljøsertifisering i kommunane.	Arbeide med miljøfyrtårn eller andre miljøsertifiseringsordningar i kommunane. Vurdere mål om å sertifisere barnehagane eller skulane som miljøfyrtårn i kommunane.	Kommunane og næringslivet



Tiltak	Gjennomføring 2026/2027	Ansvarlege
Vurdere renovering av eksisterende kommunale bygg framfor nybygg, avgjersle bør takast etter ei heilskapleg vurdering av klimarekneskap og økonomi.	Må vurderast i økonomibudsjett i kvar kommune.	Kommunane
Fornybare energikjelder med lågt klimafotavtrykk skal alltid vurderast i alle kommunale byggeprosjekt og i alle private næringsbygg.	Må vurderast i økonomibudsjett i kvar kommune.	Kommunane og næringslivet
Vurdere smartstyring av varme og ventilasjon i kommunale bygg.	Må vurderast i økonomibudsjett i kvar kommune.	Kommunane
Driftsoptimalisering av VA-netti kommunane.	Vedlikehald og reparasjon av VA-nettet. Vurdere å lage eller revidere overordna VA-plan i kommunane.	Kommunane
Kommunane bør vurdere å søkje ENØK-tilskot ved kommunale byggjeprojekt og rehabilitering.	Må vurderast i økonomibudsjett i kvar kommune.	Kommunane



Tiltak	Gjennomføring 2026/2027	Ansvarlege
Livssykluskostnader skal vurderast i samband med nybygg og rehabiliteringar for å sikre arealeffektive bygg med lågare driftskostnader og mindre klimaavtrykk.	Må vurderast i økonomibudsjett i kvar kommune.	Kommunane
For bygg som kommunen set opp skal det alltid vurderast kledning i tre (massivtre) eller reisverk av tremateriale	Ved inngåing av nye anbudskontraktar eller innkjøp skal dette gå fram av anbudsgrunnlaget.	Kommunane
Gjennomføre behovsvurdering før kommunale innkjøp.	Etablere ein rutine for behovsvurdering for kommunale innkjøp. Må det kjøpast nytt, kan det kjøpast brukt, finns det i ei anna avdeling i kommunen eller ein annan kommune?	Kommunane og næringslivet
Gjennomføre opplæring knytt til miljø i høve offentlege innkjøp.	Arrangere felles kurs i offentleg innkjøp i kommunane.	Kommunane, Vest-Telemarkrådet og innkjøps-samarbeid

Dette er gjennomført frå planen blei vedteken i 2022/2023

- Alle kommunane har gjennomført informasjonsmøte for ENØK-tiltak og stønadsordning hausten 2023 gjennom 3 felles arrangement.
- Alle kommunane har gjennomført prosjektet «Merket for berekraftig reiseliv».
- Alle kommunane har satt i gang arbeidet med miljøfyrtårnsertifisering. Vinje kommune, Tokke kommune, Kviteseid kommune og Seljord kommune har sertifisert kommunehus/rådhus 2024/2025. Vinje kommune og Kviteseid kommune har satt i gang arbeid med miljøfyrtårnsertifisering ut i eigen organisasjon.
- Alle kommunane har delteke i forprosjektet «God agronomi i det grønne skiftet». Vest-Telemarkrådet fekk stønad frå Miljødirektoratet til hovudprosjekt «God agronomi i det grønne skiftet» som alle kommunane skal fylgje opp. Prosjektet er i gang med prosjektleiar tilsett i Vest-Telemarkrådet.
- Oppryddingsprosjekt som Rusken-aksjon og Kanal-lotteriet og liknande blir årleg gjennomført i kommunane.
- Renovest har sett ut konteinar på returpunkt i Tokke kommune der innbyggjarane kan levere hageavfall med framande artar.
- Renovest og IATA tek gratis imot landbruksplast på sine bemanna avfallsmottak.
- Vinje kommune har vore pilotkommune for utvikling av arealrekneskap i Telemark fylke og utvikling av klimagasskalkulator frå NIBIO.
- Vinje kommune er pilotkommune i forskingsprosjektet Agriland+, som har som mål å finne løysingar for å ta i bruk attgrodd jordbruksareal og styrke matsikkerheita gjennom betre arealforvaltning.
- Fyresdal kommune har bygd ladestasjon i sentrum.
- Seljord kommune, Tokke kommune, Vinje kommune og Kviteseid kommune har investert i fossilfrie kommunale køyretøy.
- Kviteseid kommune og Seljord kommune har hatt fokus på ENØK-tiltak i kommunale bygg og har hatt ein reduksjon i samla energiforbruk dei siste par åra.
- Vinje kommune er i gang med “planvask” og rullering av overordna planar.